



Møteprotokoll for Utval for levekår

Møtedato: 22.05.2018
Møtestad: Formannskapssalen
Møtetid: 09.00 – 15.15

Møtet vart styrt av leiar Sølvi Knudsen.

Medlemmene var innkalla i skriv dat. 14.05.18 og møtet var kunngjort i pressa 09.05.18.

Øystein Berland kom kl. 09:50.
Ørjan Kristiansen fekk permisjon frå kl. 13:10.

Av 7 medlemmer var 6 til stades ved handsaming av sakene 12 - 15, 23 og 25 - 30.
Av 7 medlemmer var 7 til stades ved handsaming av sakene 16 - 22 og 24.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Sølvi Norunn Knudsen	SP	Utvalslleiar
Stian Lavik	KRF	Nestleiar
Kjersti Vikebø Nesse	AP	Medlem
Tom Inge Karlsen	AP	Medlem
Thomas H. Wallem	H	Medlem
Øystein Berland Blom	H	Medlem
Ørjan Evald Kristiansen	Uavh	Medlem

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti
Beate Seveline Eknes	Uavh
Torunn Skurtveit	MDG

Desse møtte frå administrasjonen:

Rådgjevar pleie, omsorg og sosiale tenester Helge Kvam
Leiar NAV Arngunna Haga til sakene 15, 16, og 30.
Sosialkurator Maren Eide til sak 15.
Helsesjef Tord Molturmyr til sak 17.
Leiar heimetenesta Britt Romarheim til sakene 18 og 19.
Koordinator Meland heimeteneste Ranveig Bowim og koordinator for menneske med nedsett funksjonsevne Gunhild Vilsvik Heldal til sak 18.
Rektor Meland kulturskule Camilla Søderstrøm Tveit til sak 20.
Leiar kultur Eirik Utne til sakene 21, 22, 23, og 24.
Barnehagefagleg rådgjevar Mette M. Træland til sakene 25 og 26.
Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen til sakene 27 og 28.
Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal til sak 29.
Konsulent Cathrine Gangstø og næringsrådgjevar John Fredrik Wallace til sak 30.

Protokollfører: Helge Kvam

25. mai 2015

Sølvi Knudsen
leiar

Randi Hilland
konsulent

Sakliste

Saknr	Tittel
12/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
13/2018	Godkjenning av møtebok
14/2018	Referatsaker
15/2018	Orientering frå tilsyn 2017 ved NAV Meland
16/2018	Leige til eige - pilotprosjekt
17/2018	Orientering tenestoområde helse
18/2018	Orientering heimetenesta - arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper
19/2018	Orientering heimetenesta - retningsliner ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne
20/2018	Rammeplan for Meland kulturskule
21/2018	Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2018
22/2018	Kulturstipend 2018
23/2018	Idrettstipend 2018
24/2018	Orientering om bygdesoge for Meland - band 4
25/2018	Statusrapport for prosjekt tidleg innsats og identifisering 2017-2020
26/2018	Orientering om status på barnehageopptaket 2018
27/2018	Informasjon om status prosjekt "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø"
28/2018	Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule
29/2018	Temaplan barn og unge- status og prosess vidare
30/2018	Aktuelle saker

12/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Sak 24 vert handsama før sak 21. Etter det vert saklista følgd.

ULK - 12/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Innkalling og sakliste med endra rekkefølge på saklista vert godkjent.

13/2018: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå møte 30.01.18 vert godkjent.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

ULK - 13/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Møteprotokoll frå møte 30.01.18 vert godkjent.

14/2018: Referatsaker

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Skriv nr. 2: Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen orienterte.

Skriv nr. 3: Påmelding frå ULK: Stian Lavik, Sølvi Knudsen og Kjersti Vikebø Nesse vert påmeldt til konferansen - Nordhordlandsprosjektet.

Skriv nr. 8, 9 og 12: Barnehagefagleg rådgjevar Mette Træland orienterte.

ULK - 14/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Meldingane og orienteringane vert tekne til vitande.

15/2018: Orientering frå tilsyn 2017 ved NAV Meland

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon frå to gjennomførte tilsyn ved NAV Meland i 2017 til orientering.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar NAV Arngunna Haga og sosialkurator Maren Eide orienterte.

ULK - 15/2018 VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon frå to gjennomførte tilsyn ved NAV Meland i 2017 til orientering.

16/2018: Leige til eige - pilotprosjekt

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire bueingar til føremålet. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurderer om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar NAV Arngunna Haga orienterte.

ULK - 16/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret vedtar at ordninga «Leige til eige» vert etablert som eit pilotprosjekt der kommunen kan investere inntil fire bueingar til føremålet. Piloten vil gje kommunen eit grunnlag til vurderer om ordninga «Leige til eige» skal etablerast som permanent ordning i Meland kommune.

17/2018: Orientering tenesteområde helse

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon frå tenesteområde helse til orientering.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Helsesjef Tord Moltumyr orienterte.

ULK - 17/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon frå tenesteområde helse til orientering.

18/2018: Orientering heimetenesta - arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper til orientering.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar heimetenesta Britt Romarheim og koordinator for menneske med nedsett funksjonsevne Gunhild Vilsvik Heldal og koordinator i heimetenesta Rannveig Vatshelle Bowim orienterte. Presentasjon SAMPRO vart delt ut i møtet.

ULK - 18/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om arbeid med individuell plan og ansvarsgrupper til orientering.

19/2018: Orientering heimetenesta - retningslinjer ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek informasjon om retningslinjer ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne til orientering.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar heimetenesta Britt Romarheim orienterte.

ULK - 19/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek informasjon om retningslinjer ferieturar for personar med nedsett funksjonsevne til orientering.

20/2018: Rammeplan for Meland kulturskule

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik han ligg føre

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Rektor Meland kulturskule Camilla Søderstrøm Tveit orienterte.

ULK - 20/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Kommunestyret godkjenner Rammeplan for Meland kulturskule slik han ligg føre.

21/2018: Ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg - 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår godkjenner fordelinga av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg slike ho ligg føre i vurderinga.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

Det vart røysta over deling av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg kvar for seg.

Sølvi Knudsen melde seg inhabil ved røysting over "Tilskot til andre lag" og gjekk frå ved avrøystinga.

Avrøysting:

Tilskot til andre lag vart samrøystes vedteke (6 røyster).

Tilskot til barne- og ungdomsarbeid vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til forsamlingshus vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til friluftslivstiltak vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til kulturminnevern vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til leikeplassar vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til song og musikk vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til idrett vart samrøystes vedteke (7 røyster).

Tilskot til drift av idrettsanlegg vart samrøystes vedteke (7 røyster).

ULK - 21/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår godkjenner fordelinga av ålmenne kulturmidlar og tilskot til drift av idrettsanlegg slike ho ligg føre i vurderinga.

22/2018: Kulturstipend 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tildeler Kulturstipend for Meland kommune 2018 etter vurdering i møte.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Tenestemrådeleiar kultur Eirik Utne orienterte.

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår har tildelt kulturstipend 2018.

Offentleggjering av vinnar vert i kommunestyret 20. juni 2018.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 22/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår har tildelt kulturstipend 2018.

Offentleggjering av vinnar vert i kommunestyret 20. juni 2018

23/2018: Idrettstipend 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tildeler Idrettstipend for Meland kommune 2018 etter vurdering i møte.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne orienterte.

Framlegg til vedtak i møtet:

Utval for levekår har tildelt idrettsstipend 2018.

Offentleggjering av vinnar vert i kommunestyret 20. juni 2018.

Dette framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - 23/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår har tildelt idrettsstipend 2018.

Offentleggjering av vinnar vert i kommunestyret 20. juni 2018.

24/2018: Orientering om bygdesoge for Meland - band 4

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek orienteringa til vitande.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Leiar kultur Eirik Utne og Arnt Brakstad orienterte.

Skriv frå Meland sogelag - Allmenn bygdebok for Meland kommune og skriv frå Fjell kommune "Mellom havet og byen Fjell bygdebok" vart delte ut i møtet.

Alternativ felles framlegg i møtet:

Utval for levekår ber om sak/saksutgreiing vedk. bygdebok nr. 4 i samband med budsjett og økonomiplan. Saka vert lagt fram for ULK i oktobermøte.

Avrøysting:

Alternativ felles framlegg i møte vart samrøystes vedteke.

ULK - 24/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår ber om sak/saksutgreiing vedk. bygdebok nr. 4 i samband med budsjett og økonomiplan. Saka vert lagt fram for ULK i oktobermøte.

25/2018: Statusrapport for prosjekt tidleg innsats og identifisering 2017-2020

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek statusrapport for tidleg innsats og identifisering til vitande.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Barnehagefagleg rådgjevar Mette Træland orienterte.

Alternativt framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Utval for levekår understrekar viktigheita av arbeid med tidleg innsats og identifisering og tek statusrapporten til vitande.

Alternativ framlegg til vedtak frå Stian Lavik vart samrøystes vedteke.

ULK - 25/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår understrekar viktigheita av arbeid med tidleg innsats og identifisering og tek statusrapporten til vitande.

26/2018: Orientering om status på barnehageopptaket 2018

Rådmannen sitt framlegg:

Utval for levekår tek orienteringa om barnehageopptaket 2018 til vitande.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Barnehagefagleg rådgjevar Mette Træland orienterte.

Presentasjon - Status barnehageopptak i Meland kommune 2018 vart delt ut i møtet.

ULK - 26/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår tek orienteringa om barnehageopptaket 2018 til vitande.

27/2018: Informasjon om status prosjekt "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø"

Rådmannen sitt framlegg:

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen orienterte.

Framlegg til vedtak frå Stian Lavik, KrF:

Utval for levekår er glad for at prosjektet "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø" er godt i gang og at ein har fått tilsett ein dyktig prosjektleiar. Vidare vil utvalet understreka verdien av haldningsskapande arbeid (både hjå born, foreldre og andre vaksne) og arbeid med å skapa gode og trygge kulturar, slik at ein kan unngå mobbing og andre sosiale utfordringar. Utvalet tek elles informasjonen til vitande.

Framlegget frå Stian Lavik, KrF vart samrøystes vedteke.

ULK - 27/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Utval for levekår er glad for at prosjektet "Trygt og godt skule- og oppvekstmiljø" er godt i gang og at ein har fått tilsett ein dyktig prosjektleiar. Vidare vil utvalet understreka verdien av haldningsskapande arbeid (både hjå born, foreldre og andre vaksne) og arbeid med å skapa gode og trygge kulturar, slik at ein kan unngå mobbing og andre sosiale utfordringar. Utvalet tek elles informasjonen til vitande.

28/2018: Kartlegging/vurdering av vegstrekning kortare enn 2/4 KM - brukt til skuleveg. FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule

Rådmannen sitt framlegg:

På vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, vil elevar på 2.-3. trinn ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Skulefagleg rådgjevar Reidun E. Johannessen orienterte.

Redaksjonell endring:

Kommunestyret godkjenner følgjande: På vegstrekninga

Avrøysting:

Framlegg til vedtak fekk 3 røyster mot, (2 H, 1 KrF), 3 røyster for, (2 AP, 1 SP), og med leiar si dobbeltstemme vart rådmannen sitt framlegg vedteke.

ULK - 28/2018 FRAMLEGG TIL VEDTAK (MOT 3 RØYSTER):

Kommunestyret godkjenner følgjande: På vegstrekninga - *FV564 Flatøyvegen – Rosslandsvegen - Bustølvegen - til Sagstad skule*, vil elevar på 2.-3. trinn ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg (heile året). Elevar frå 4.-7. trinn vil ikkje ha rett til skyss grunna særleg farleg eller vanskeleg veg. Endringane vil gjelde frå skuleåret 2018-2019.

29/2018: Temaplan barn og unge- status og prosess vidare

Rådmannen sitt framlegg:

Temaplan for barn og unge endrar status til eit kunnskaps- og status dokument i tråd med saksutgreiinga.

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Kommuneplanleggar Kristin Nåmdal orienterte.

ULK - 29/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Temaplan for barn og unge endrar status til eit kunnskaps- og status dokument i tråd med saksutgreiinga.

30/2018: Aktuelle saker

Rådmannen sitt framlegg:

22.05.2018 UTVAL FOR LEVEKÅR

Det vart orientert om følgjande:

- NAV v/leiar Arngunna Haga og flyktningekonsulent Cathrine Gangstø, og næringsrådgjevar John Fredrik Wallace orienterte om utviklingsprosjekt med "Ny Introduksjonsordning i Meland".
Utval for levekår takkar for orienteringa og ber om eige sak til møte 23.10.18.
- Kjersti Vikebø Nesse ber om status på tema sti/gangveg på Moldekleiv. Leiar kultur Eirik Utne vil kontakte rektor på Grasdalen skule samt SU Grasdalen for synfaring.
- Utval for levekår ønskjer hausten 2018 å besøkje Sagstad skule, Litago barnehage samt Læringsverkstedet avd. Flatøy.

ULK - 30/2018 SAMRØYSTES VEDTAK:

Orienteringane vert tekne til vitande.
